



Bolig & Eiendom As
Stølen 26
5911 Alversund

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/776 - 23/6962

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
26.01.2023

Adressetildeling Hjelten 13A, 13B - GBNR 1/293 Flatøy

Administrativt vedtak: Saknr: 097/23

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 tilhøyrande forskrift kap.12 og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adressesetildeling:

Gnr	Bnr	Brukseining	Vegnavn	Tildelt husnr
1	293	H0101 (hovudleiligh)	Hjelten	13A
1	293	U0101 (hybel)	Hjelten	13B

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen

Saka gjeld

Det er godkjent bygging av ny einebustad med hybel/sokkelleilighet på eigedommen GBNR 1/293, som skal ha tildelt to offisielle adresser.


Vurdering

Det er sett av eitt husnummer til kvar tomt her, og ledig husnummer til dette huset er nr 13. Då det er to bueiningar her, og to ytre inngangsdører må me bruka bokstavane A og B i tillegg til husnummeret.

Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Hjelten. Det kan ikkje klagast på adressenavnet, men på husnummer og på kva adresseveg bygget er adressert til.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressesetildeling og adresse vert difor tildelt.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme under).

Husnummer må vere på plass før bygget vert teke i bruk.



I tilfeller der bygget med adresse ikkje synes frå adressevegen er det nødvendig med tilvisingsskilt ved avkøyring til sideveg.

Der eigdommen som har fått adressa strekkjer seg heilt fram til veggen (der avkøyringa er), har eigar sjølv plikt til å setje opp også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkelova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bolig & Eiendom As

Stølen 26

5911

Alversund